



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset, Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/3911-5

7. november 2017

### **Overslag på ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund**

Vi viser til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 30. august i år med søknad om førehandsavklaring for ferjeavløysingsprosjekta Ytre Steinsund og Atløysambandet. Samferdselsdepartementet gav i brev av 26. september svar på at begge sambanda fyller kriteria for å kome inn under ferjeavløysingsordninga, jf. punkt 4.1 i retningslinjene for ordninga. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har no gjort eit overslag på ferjeavløysingsmidlar for Ytre Solund. Vi kjem attende med overslag på ferjeavløysingsmidlar for Atløysambandet.

Ytre Steinsund kan utløyse om lag 19,7 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar med kostnadsnøkkelen for 2017, og om lag 8,9 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar med kostnadsnøkkelen for 2018.

Vi presiserer at dette berre er eit førebels overslag i samband med førehandsavklaringa av om prosjektet kjem inn under ordninga. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli rekna ut når fylkeskommunen har sendt endeleg søknad, og når Samferdselsdepartementet har behandla saka endeleg. Eventuelle endringar i vegprosjektet, inntektssystemet og/eller kriteriedata kan ha konsekvensar for utrekninga av ferjeavløysingsmidlane. Den endelege utrekninga kan derfor gje eit anna resultat.

Vi gjer samtidig merksam på at kommunal- og forvaltningskomiteen har lagt til grunn at søknader som kjem inn til departementet i 2017, og som tilfredsstillar krava til ein fullstendig søknad etter retningslinjene for ferjeavløysingsordninga, blir behandla ut frå nivået på nøkkelen slik den er i 2017 (jf. Innst. 422 S (2016-2017)). Endelege søknader som kjem inn

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Avdeling

Saksbehandlar  
Sissel Ferstad  
22 24 67 06

etter 1. januar 2018, vil bli behandla ut frå ny nøkkel. Krava til ein endeleg søknad går fram av brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 13. juni 2017.

Vi vil òg minne om at fylkeskommunen i sum ikkje skal få meir i kompensasjon enn byggjekostnadene for vegprosjektet (jf. punkt 5.4 i retningslinjene). Renteutgifter til eventuelle lån for å finansiere prosjektet blir ikkje dekte av ordninga. Dette inneber at samla utbetaling i nominelle kroner ikkje skal overstige dei nominelle byggjekostnadene. Meirverdiavgiftskompensasjonen blir trekt frå byggjekostnadene ved fastsetjing av berekningsgrunnlaget.

### **Utrekning av overslag på ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund**

Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir rekna ut på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst av eit vegprosjekt. Tapet blir rekna ut ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 i retningslinjene). Beløpet blir justert for endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg i utgiftsutjamninga, sidan ei bru eller ein tunnel fører til ein auke i kompensasjonen gjennom vegnøkkelen i inntektssystemet (jf. punkt 5.2).

#### *Utrekning med inntektssystemet for 2017*

I inntektssystemet for 2017 er kriteriet for ferjedrift "tal på ferjesamband", mens vegnøkkelen er sett saman av kriteriet "fylkesvegfaktor drift og vedlikehald", "veglengde" og "tal på innbyggjarar". Fylkesvegfactoren er berekna med utgangspunkt i fylkesveglengda og tal for årlege kostnader til drift og vedlikehald av vegnettet. Dei årlege vedlikehaldskostnadene blir berekna med verktøyet MOTIV, som er Statens vegvesens modell for å rekne ut vedlikehaldsbehovet på vegnettet.

I inntektssystemet for 2017 vil Ytre Steinsund gje ein reduksjon på eitt ferjesamband (Daløy – Haldorsneset) i kriteriedata. Samtidig vil vegprosjektet auke veglengda med om lag 5,1 km og drifts- og vedlikehaldsbehovet på vegnettet vil auke med om lag 1,4 mill. kroner (jf. brev frå Statens vegvesen med MOTIV-tal for Ytre Steinsund).

Det berekna vedlikehaldsbehovet på vegnettet er ikkje det same som beløpet vegnøkkelen utløyser i utgiftutjamninga. Det berekna vedlikehaldsbehovet er ein del av utrekninga av fylkesvegfactoren, og kor mykje fylkesvegfactoren utløyser i utgiftutjamninga er avhengig av mellom anna det berekna vedlikehaldsbehovet på landsbasis, sektorvektene i kostnadsnøkkelen og samla utgiftsbehov som blir fordelt om etter samla kostnadsnøkkel det aktuelle året. I utrekninga av ferjeavløysingsmidlar blir det korrigert for beløpet som vegnøkkelen utløyser gjennom utgiftutjamninga, og ikkje Statens vegvesens tal for berekna vedlikehaldsbehov.

Tabell 1 under viser utrekninga av endringa i fylkesvegfactoren som følgje av Ytre Steinsund (sjå Grønt hefte 2017 (s. 63) for nærare informasjon om utrekning av faktoren).

Tabell 1 Utrekning av endring i fylkesvegfaktor for Sogn og Fjordane fylkeskommune, inntektssystemet for 2017

	Vedlikehalds- behov	Veg- lengde	Vedlikehalds- behov per km	Vedlikehalds- faktor <sup>1</sup>	Fylkesveg- faktor
	1000 kr	Km			Faktor * km veg
Grønt hefte 2017	429 156	2 632,0	163	1,290	3 395
Inkl. ny veg	430 156	2 637,1	163	1,292	3 406
Endring	1 440	5,1	0	0,002	11

<sup>1</sup> Vedlikehaldsfaktoren er sett relativt til fylkeskommunen med lågast vedlikehaldsbehov per km, som i 2017 er Hedmark. Når Sogn og Fjordane har ein faktor på 1,290, betyr det at fylkesvegane i Sogn og Fjordane i snitt har eit vedlikehaldsbehov som er 29 pst. høgare enn i fylket med lågast vedlikehaldsbehov per km veg.

Endringane i kriteriedata som følgje av Ytre Steinsund-prosjektet og effekten det har i utgiftsutjamninga i inntektssystemet for 2017 er vist i tabell 2 under:

Tabell 2 Effekt i inntektssystemet 2017 av endringar i kriteriedata pga. Ytre Steinsund

Kriterium	Endring i kriteriedata	Effekt i utgiftsutjamninga (1000 kr)
Tal på ferjesamband	-1	-21 123
Veglengde (km)	5,1	118
Fylkesvegfaktor	11	1 282
Nettoendring i utgiftsutjamninga		-19 723

I inntektssystemet for 2017 utløyser eit ferjesamband 21,123 mill. kroner gjennom utgiftsutjamninga, og nedlegginga av ferjesambandet Daløy – Haldorsneset) vil dermed gje eit tilsvarende tap i inntektssystemet for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Samtidig vil auken i vedlikehaldsbehovet og veglengda knytt til Ytre Steinsund utløyse til saman 1,400 mill. kroner. Sogn og Fjordane vil ha eit nettotap på 19,723 mill. kroner når ferjesambandet blir avløyst.

#### Utrekning med inntektssystemet for 2018

I inntektssystemet for 2018 er kriteriet for ferjedrift i all hovudsak normerte ferjekostnader, berekna av Møreforskning på oppdrag frå departementet. Ferjesambandet Daløy – Haldorsneset har normerte ferjekostnader på 8,947 mill. kroner i 2018. Normerte ferjekostnader er ikkje det same beløpet som ferjesambandet utløyser i utgiftsutjamninga. Kor mykje dei normerte ferjekostnadene utløyser i utgiftsutjamninga er avhengig av sektorvektene i kostnadsnøkkelen og samla utgiftsbehov som blir fordelt om etter samla kostnadsnøkkel for det aktuelle året. I utrekninga av ferjeavløysingsmidlar blir det korrigerert for beløpet som ferjekriteriet utløyser gjennom utgiftsutjamninga, i dette tilfellet 10,2 mill. kroner, og ikkje dei normerte ferjekostnadene som er berekna av Møreforskning.

Endringa i berekna vedlikehaldsbehov er det same i 2018 som i 2017 (jf. brev frå Statens vegvesen med MOTIV-tal for Ytre Steinsund). Tabell 3 under viser utrekninga av endringa i fylkesvegfactoren som følgje av Ytre Steinsund i 2018.

*Tabell 3 Utrekning av endring i fylkesvegfactor for Sogn og Fjordane fylkeskommune, inntektssystemet for 2018*

	Vedlikehalds- behov	Veg- lengde	Vedlikehalds- behov per km	Vedlikehalds- faktor <sup>1</sup>	Fylkesveg- faktor
	1000 kr	Km			Faktor * km veg
Grønt hefte 2018	507 675	2 637,0	193	1,361	3 600
Inkl. ny veg	509 115	2 642,1	193	1,366	3 610
Endring	1 440	5,1	0	0,005	10

<sup>1</sup> Vedlikehaldsfaktoren er sett relativt til fylkeskommunen med lågast vedlikehaldsbehov per km, som i 2018 er Hedmark. Når Sogn og Fjordane har ein faktor på 1,361, betyr det at fylkesvegane i Sogn og Fjordane i snitt har eit vedlikehaldsbehov som er 36,1 pst. høgare enn i fylket med lågast vedlikehaldsbehov per km veg.

Endringane i kriteriedata som følgje av Ytre Steinsund-prosjektet og effekten det har i utgiftsutjamninga i inntektssystemet for 2018 er vist i tabell 4 under:

*Tabell 4 Effekt i inntektssystemet 2018 av endringar i kriteriedata pga. Ytre Steinsund*

Kriterium	Endring i kriteriedata	Effekt i utgiftsutjamninga (1000 kr)
Normerte ferjekostnader	-8,947	-10 217
Veglengde (km)	5,1	120
Fylkesvegfactor	10	1 148
Nettoendring i utgiftsutjamninga		-8 949

I inntektssystemet for 2018 utløyser ferjesambandet Daløy – Haldorsneset 10,217 mill. kroner, og vil dermed gje eit tilsvarande tap i inntektssystemet for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Samtidig vil auken i vedlikehaldsbehovet og veglengda knytt til Ytre Steinsund utløyse til saman 1,268 mill. kroner. Sogn og Fjordane vil etter dette ha eit nettotap på 8,949 mill. kroner når ferjesambandet blir avløyst.

### Vidare prosess

Samferdselsdepartementets brev av 26. september gjaldt førehandsavklaring av prosjektet, og utrekninga av ferjeavløysingsmidlar i dette brevet er eit førebels overslag i samband med førehandsavklaringa. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli berekna når Samferdselsdepartementet behandlar saka endeleg (jf. punkt 4.6 i retningslinjene). For å bli behandla etter inntektssystemet for 2017 må endeleg søknad frå fylkeskommunen sendast Statens vegvesen innan årsskiftet.

Eventuelle endringer i vegprosjektet kan gje endringer i MOTIV-tala for drifts- og vedlikehaldskostnader, og eventuelle endringer i kriteriedata og i inntektssystemet kan ha innverknad på beløpet som blir utløyst gjennom både ferje- og vegnøkkelen.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Sissel Ferstad  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*

Kopi

Samferdselsdepartementet